



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

TUSSA ENERGI AS
Langemyra 6
6160 HOVDEBYGDA

Vår dato: 20.04.2017
Vår ref.: 201400818-11
Arkiv: 317
Dykkar dato: 24.02.2017
Dykkar ref.: Øyvind Eidså

Sakshandsamar:
Randi Holme
22959518/rho@nve.no

Kolfossen kraftanlegg – Godkjenning av detaljplan for etablering av tersklar i Kolfosselva – Volda kommune

Vi viser til Dykkar brev datert 24.02.2017 vedlagt detaljplan for miljø og landskap for etablering av tersklar i Kolfosselva i Volda kommune.

Saka er handsama med heimel i vilkåra for miljø og landskap gitt i konsesjon til regulering av Mørevassdraget datert 1. september 1922, post 13.

Bakgrunn:

Det omsøkte tiltaket omfattar bygging av to lausmassetersklar i Kolfosselva. Der går fisk opp til Kolfossen der Kolfoss kraftstasjon har utløp. Ikkje planlagde utfall i kraftverket har ført til tørrlegging av Kolfosselva og stranding av fisk. Sommaren 2015 gjennomførte Sweco ungfiskundersøking i elva som konkluderte med at der er god tilgang på egna gyteområde i elva og at der er potensiale for høgare tettleik av ørret og laks. Konsesjonæren ønskjer å legge til rette for auka overleving av fiskeungar gjennom terskelbygging som vil auke vassdekt areal i elva.

Det er planlagt å bygge to lausmassetersklar som vil ha ei høgd på 0,5 til 1 meter. I tillegg vert det lagt ut gytegrus. Det er planlagt å bruke massar som finnst i elva, i tillegg til at det vert naudsynt å køyre til ein del massar. Det vert etablert mellombels riggområde på dyrka mark. Der er tilkomst til elva frå dyrka mark.

Arbeidet er planlagt gjennomført i perioden 15. juli til 15. september 2017.

Søknaden er sendt på avgrensa høyring til Volda kommune, Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Mørevassdraget elveeigarlag, Naturvernforbundet i Ørsta og Volda Jeger og Sportsfiskarlag.

Vedtak:

Med heimel i konsesjon til regulering av Mørevassdraget datert 1. september 1922 post 13 godkjenner NVE framlagd detaljplan for etablering av tersklar i Kolfosselva datert 24.02.2017 i Volda kommune.

Vårt vedtak føreset at detaljplan for miljø og landskap er i samsvar med vilkår og føresetnader gitt i konsesjonen.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsvæien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Vilkår for godkjenning av detaljplan for miljø og landskap:

- Arbeida skal gjennomførast med eit best mogeleg landskapsarkitektonisk sluttresultat, jf. også krava i konsesjon datert 1. september 1922 post 13.
- NVE skal haldast orientert om når anleggsarbeidet tek til, ved viktige og/eller kritiske fasar ved byggearbeidet, og når arbeida er gjennomførte.

NVE vil følge opp arbeida med tilsyn.

NVE kan i enkeltvedtak krevje ombygging av tersklar dersom det viser seg at godkjent tiltak ikkje oppfyller funksjonskravet. Tiltakshavar vil då bli pålagt å utarbeide en ny detaljplan som skal godkjennast av NVE.

Det kan frå NVE sitt miljøtilsyn bli stilt krav om ytterlegare detaljar for alle delar av tiltaket. Slike planar skal godkjennast av NVE.

NVE sine vurderingar:

Vurdering av høyringsinnspel

Volda kommune har gitt fråsegn til søknaden i brev datert 21.03.2017. Kommunen er positive til at det er planlagt å gjennomføre tiltak for å betre tilhøva for naturmangfaldet i vassdraget. Det vert likevel stilt spørsmål om fare for erosjon og sedimentering av massar ved tersklane. NVE viser til at konsesjonæren er ansvarleg for å gjennomføre tilsyn med vassdraget i etterkant av at tiltaka er gjennomførte, og å gjennomføre naudsynte vedlikehaldstiltak gjennom den ordinære drifta/tilsyn ved anlegget.

Kommunen stiller spørsmål om kva som er det beste tiltaket av terskelbygging og å stille krav om slepp av minstevassføring. Gjeldande konsesjon for Mørevassdraget gir ikkje heimel for å krevje slepp av minstevassføring. Dette spørsmålet kan soleis ikkje takst opp gjennom handsaming av planen som NVE har motteke.

Dessutan er det stilt spørsmål om Kalvassvatnet har stor nok buffer til å syte for god vassføring nedstraums vatnet ved utfall i kraftstasjonen. NVE viser her til at det er installert ein omlaupsventil med ein kapasitet på 200 l/s for å hindre brå nedgang i vasstanden og stranding av fisk ved utfall i Kolfossen kraftverk.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har gitt fråsegn til søknaden i brev datert 06.04.2017 der tiltaket vert støtta utan vesentlege merknader.

Naturvernforbundet i Ørsta og Volda og Volda Jeger og Sportsfiskerlag har gitt felles fråsegn datert 20.03.2017. Dei er i det alt vesentlege positive til det planlagde tiltaket og meiner at tiltaka er gode og naudsynte avbøtande tiltak. Dei stiller spørsmål ved utforminga av tersklane, og viser til at det dei siste åra har vore vanleg å bygge tersklar med «plogform» og ikkje som rette liner over elva. I planen er det opplyst at tersklane er illustrert med ei prisnippskisse for korleis det er planlagt å ivareta og forsterke gyteområda i elva. Det er dessutan opplyst at der vi vere personell med fiskebiologisk kompetanse til stades når tiltaka vert gjennomført. NVE legg til grunn at kompetansen som vert nytta vurderer utforminga av tersklane i høve til det som er optimalt i høve til målet om å forsterke gyteareal og å unngå stranding av fisk.

Etter Naturvernforbundet/Sportsfiskerlaget si vurdering kan det vere naudsynt å vurdere behovet for å fjerne/flytte grusmassar i nedste del av elva ved utløpet til Eidsvatnet. Dei meiner at dette området raskt kan verte tørrlagt ved lita vassføring. NVE legg til grunn at konsesjonæren har etablert rutinar for

systematisk tilsyn med dette gjennom internkontrollsystemet og vurderer gjennomføring av tiltak fortløpende.

Dei peikar dessutan på at kapasiteten i omløpsventilen på 200 l/s er for lite til å får god sirkulasjon i vassdraget nedstraums kraftverket, og at vassmengda bør aukast. Omløpsventilen er ikkje ein del av søknaden om er under handsaming og NVE vil soleis ikkje kommentere dette nærare.

Mørevasdraget elveeigarlag har ikkje gitt fråsegn til søknaden.

Vurderingar etter naturmangfaldlova:

I medhald av naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 - 12 leggest til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde. På den måten skal forvaltninga i vedtaka gjere greie for og synleggjere kunnskapen om og verknadane eit tiltak vil få for naturmangfald, og korleis ein har komme fram til resultatet i den konkrete saka.

Naturmangfaldlova § 8 seier at offentlege avgjerder som rører ved naturmangfaldet så langt det er rimeleg skal bygge på vitenskapelig kunnskap om artars bestandssituasjon, naturtypar si utbreiing og økologisk tilstand. Karttenestene «Artskart» viser at der ikkje er registrert artar som er sårbare eller trua i tiltaksområdet. Søk i karttenesta «Naturbase» viser at der ikkje er registrert naturtypar med særskild forvaltningsinteresse i det aktuelle området.

Naturmangfaldlova § 9 seier at når det blir treft ei avgjerd utan at det føreligg tilstrekkeleg kunnskap om kva slags verknader ho kan ha for naturmiljøet, skal det takast sikte på å unngå mogleg vesentleg skade på naturmangfaldet. Føreligg det ein risiko for alvorleg eller irreversibel skade på naturmangfaldet, skal ikkje mangel på kunnskap nyttast som grunngeving for å utsetje eller la vere å treffe forvaltningsvedtak.

NVE meiner det føreligg tilstrekkeleg kunnskap om verknaden som tiltaket kan ha for naturmangfaldet. Føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 kjem dermed ikkje i bruk.

Etter § 10 skal verknaden av eit økosystem vurderast ut frå den samla påkjenninga som økosystemet er eller vil bli utsett for. Det omsøkte tiltaket vert gjennomført for å betre gyte- og oppvekstforholda for laks, og for å unngå stranding ved brå vasstandsreduksjonar.

Etter § 11 skal tiltakshavar dekke kostnadene ved å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet som tiltaket voldar, dersom dette ikkje er urimeleg ut frå tiltaket og skaden sin karakter. Planen konkretiserer dei tiltaka som blir gjort for å hindre og avgrense skader på naturmangfaldet gjennom å avgrense inngrepsområda mest mogeleg. Kostnadene for dette blir dekkja av Tussa Energi AS.

Ut i frå § 12 i naturmangfaldlova skal det for å unngå eller avgrense skadar på naturmangfaldet takast utgangspunkt i slike driftsmetodar og slik teknikk og lokalisering som, ut frå ei samla vurdering av tidlegare, noverande og framtidig bruk av mangfaldet og økonomiske forhold, gir dei beste samfunnsmessige resultat. Den innsendte planen sikrar at arbeida blir utført på ein god måte for å hindre skade på naturmangfaldet ved å handtere avfall i samsvar med gjeldande lover og forskrifter. Det er lagt særleg vekt på unngå ureining i resipienten ved blant anna å ha oljeabsorberande materiale tilgjengeleg.

Etter at vurderingar av § 8-12, meiner NVE at også § 4 om forvaltningsmål for naturtypar og økosystem og § 5 som omhandlar forvaltningsmål for artar har blitt oppnådd.

Forholdet til anna lovverk:

Plan- og bygningslova

Tiltaket har konsesjon og er difor unnateke frå byggesaksbehandling etter plan- og bygningslova (pbl), forutsett at det er i samsvar med lova sine føreseger med tilhøyrande forskrifter, kommuneplanens sin arealdel og reguleringsplan. Dette følgjer av forskrift om byggesak (FOR 2010-03-26-488 - byggesaksforskrifta) § 4-3 første ledd. Føreseger i pbl om tekniske krav (§ 29-5) og krav til produkt til byggverk) (§ 29-7) med tilhøyrande delar av byggteknisk forskrift gjeld så langt dei passar for nemnde tiltak.

Når anlegget er ferdig bygd, skal konsesjonæren syte for at kommunen får tilsendt kartdata i egna kartformat med alle fysiske anlegg slik at kartdata på enkel måte kan gjerast tilgjengeleg.

Vi gjer merksam på at tiltaket ikkje må vere i strid med kommuneplanen sin arealdel eller gjeldande reguleringsplanar. Konsesjonæren er ansvarleg for dette, behovet for dispensasjon frå gjeldande arealplan må vere avklart med kommunen før arbeida kan ta til. Konsesjonæren er òg ansvarleg for at tiltaket vert gjennomført i samsvar med dei delar av pbl som gjeld for tiltaket, og gjeldande underliggande forskrifter.

Før anleggsarbeidet startar er tiltakshavar ansvarleg for å innhente nødvendige løyve etter anna lovverk.

Tilleggsopplysningar:

Vi gjer merksam på at konsesjonær må ha nødvendige privatrettslege rettigheter før arbeidet begynner.

Anlegget er både for planlegging, bygging og seinare drift underlagt forskrift om internkontroll i samsvar med *Forskrift om internkontroll etter vassdragslovgjevinga (FOR 2011-10-28 nr. 1058 IK-vassdrag)*. Ved tilsyn på anlegget vil NVE sjå til at internkontroll etter denne forskrifta er etablert.

Høve til å klage:

Denne avgjerda kan påklagast til Olje- og energidepartementet av partar i saka og andre med rettsleg klageinteresse innan 3 veker frå tidspunktet som denne underrettinga har kome fram, jf. forvaltningslova kapittel VI. Ei eventuell klage skal grunngjevast skriftleg til Olje- og energidepartementet, og sendast til NVE. Vi føretrekk elektronisk oversending til den sentrale e-postadressa vår nve@nve.no.

Med helsing

Ingunn Åsgard Bendiksen
avdelingsdirektør

Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg:

Kopi til:



Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Mørevassdraget Elveeigarlag
Naturvernforbundet i Ørsta og Volda
Solveig Reite Kvien
Terje Myklebust
Tussa Kraft AS v/Øyvind Eidså
Volda Jeger og Sportsfiskarlag
Volda kommune